kjell habbestad:

# ilLUXit

op 23

## for baryton, trompet og orgel

durata 10 min.

NB noter
This music is copyright protected

---

olavsdagene/norsk kassettavgiftsfond
urframført 27. juli 1989

© kjell habbestad 1989

NB noter
This music is copyright protected

# om musikken

Inntil omlag1900 hadde ein avgrensa kjennskap til norsk messefeiring i Nidaros. Kvart spor av mellomaldermusikken tyktest vera så grundig utsletta at ein måtte tru alt hadde delt lagnad med det papistiske "skrap" som i reformasjonstida vart nytta til kardus i kanoner og gevær, innlegg i støvlar, tettemateriale i bygningar osb. I 1847 vart det oppdaga leivningar etter norsk oldlitteratur i Riksarkivet. Men først i 1904 gjorde Fr. Macody Lund merksam på at dei sterke skinnbinda kring reknskapsbøker frå norske kontor i det 16. og 17. århundre inneheldt restar av særs gamle messebøker, og at det mellom desse leivningane fanst brotstykke av ein gammal lovsong til Olavs ære, *Lux illuxit laetabunda.*

Samtlege bind vart løyste opp, og i samlinga fann ein mellom anna alle slags liturgiske bøker, og ei mengd notemateriale. Noko var nytta til ryggbind, anna til merkelappar. Etter initiativ frå komponisten Haarklaou i 1906 tok dr. philos Georg Reiss til med samlingsarbeidet og under vegleiing av professor Fleischer i Berlin starta han med dechiffrering av neumeteikna. Olavsfesten har nok representert det fremste av kva nordmennene kunne yta i musikalsk samanheng. Berre det beste var godt nok til vår nasjonalhelgen og særlege omhegnar *"rex perpetuus Norvegiae"*. Særs snart etter Olavs død forordna bisp Grimkjell eller hans geistlege officiet til hans ære. I British Museum finst eit eksemplar som venteleg skriv seg frå 1301. Dette er diverre utan noteteikn, og har berre danna grunnlaget for det ca. 100 år seinare fullførte ritualet som innheld heile festen frå 28. juli til 5. august. Dette ritualet føreligg i "Missale Nidrosiense" (Københ. 1519) og "Brevarium Nidrosiense" (Paris 1519).

Det omtala materialet frå Riksarkivet er avgrensa til to sekvensar eller lovsongar til helgenen si æra. Den øvrige musikken har dr. Reiss måtta finna i danske og svenske bibliotek. *Lux illuxit* er ikkje fullstendig; 2 av 8 vers vantar. Elles er handskriftet godt vedlikehalde. Bladet har vore nytta som omslag kring eit reknskap frå Nordlands len frå 1619. Bokstavane **K M** i margen er påført av ein tenestemann i det danske rikskammeret. Bladet har vore del av ei større *"Liber sequentarium"* (sekvensbok), og dei vakre initialane syner den omhug og kjærleik våre forfedre har lagt i dette kunstnarlege arbeidet.

Sekvensane var mykje nytta i mellomalderen og hadde sin plass mellom *alleluja* og opplesinga av evangeliet. *Lux illuxit* syner gjennom si rimform og rytmiske versbygnad ein sterk påverknad frå den franske munken Adam de St. Victor. Karakteren er lys og melodien har eit folkeleg preg. Den eig dessutan ein del særlege trekk i og med at somme vers ikkje endar etter kyrkjetonen sine normale reglar, men gjerne på kvinten. Dette kan ha vore gjort for å gje melodien ein jublande karakter. Om sekvensen syner likskapstrekk med Adam de St. Victor utgjer den likevel eit sjølvstendig norsk arbeid. Både diktet og komposisjonen har venteleg vorte til i Noreg.

Den sterke stigninga i opninga gjev med ein gong eit opplyft inntrykk, og bruken av triolrørsler gjev den monumentale melodien ein eigen rørslefridom. Rytmeskiftet frå fire- til tredelt takt er vidare særs originalt. Det førekjem ikkje i Adams musikk, men er eit velkjent trekk i norsk folkemusikk. *Lux illuxit* har vore betrakta som vår nasjonalhymne gjennom mange hundre år og inntek soleis ein heidersplass. Som O.M. Sandvik uttrykkjer det: "det vilde være ønskelig om den fik lyde ved hver Olsok-fest." [1]

Det er andre gongen eg kjem bort i dette materialet, fyrste gongen var ved sekvensen *Accipite iocunditatem* nytta i Mostraspelet, óg oppdaga gjennom same arkivmateriale, og tidfesta til endå nokre år tidlegare (omlag 990).

Medan *Accipite iocunditatem* i Mostraspelet dels vert framførd i original form og dels nytta som underlag for orkestrale og teatrale verkemidlar, nøyer eg meg i herverande verk med å låna tonefall og vendingar og siterer ikkje alltid rett. iLUXit får soleis bli ein impresjon, ei subjektiv oppleving av eit objektivt (men sterkt personleg!) mellomaldermateriale. Kvar gest og affekt i sekvensen er betrakta med forstørrelsesglas (Augenblick verweile doch) og handsama med breie strøk. (Soleis vart det berre 2 av sekvensens 8 vers som her er omhandla). Verket eig harmoniske element både frå romantisk og impresjonistisk tidsepoke venteleg kombinert med eit personleg og eige språk. Framom ein tanke om akkompagnert vokalverk har iLUXit vorte 'konserterande' soleis at orgel, trompet og baryton er likeverdige element. Forma er rapsodisk, i og med at ho handsamar sekvensen strofevis, men låner óg ein klassisk formtype med rekapitulasjon, utvikling osb.

Soflemyr, 2. juli 1989
Kjell Habbestad

---

1 (Kjeldemateriale: O.M. Sandvik: Olavsmusikken ( Norsk Musikhistorie).

NB noter
This music is copyright protected

# Lux illuxit laetabunda

Ljoset rann med liv um lande'

*Lux illuxit laetabunda,*
*lux illustris, lux iocunda,*
*lux digna praeconio.*
*In sollemne gaudium*
*prorumpat fidelium*
*sincera devotio!*

*Gloriosus hodie*
*Christi martyr gloriae*
*sublimatus solio.*
*Pro aeternis brevia*
*commutavit gaudia*
*felici commercio.*

Ljoset rann med liv um lande';
ljoset store, ljoset sanne
lovsong verdt og jubelkvad
Lat oss i vår fagnad sæle
lova Gud med munn og mæle
kvar ein kristen syngja glad!

Kristi store martyrdrott
sigerkruna no hev fått,
sit ved Herrens høgre hand.
Stutte gleda her på jord
vraka han, då upp han fór
der si ævefrygd han fann.

(nynorsk attdikting: Ragnhild Foss)

NB noter
This music is copyright protected

# ilLUXit

Kjell Habbestad 1989




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


rubato
rit............
= 120
25
Trp
B
Org
mf
p
Lux il- lux- it
Lux il-
(evt. sub 8va)
30
(loco)
poco a poco accelerando
................. ritardando.........
35
= 70
f
pp
mf
mp
lux- it
Lux il- lux - it
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


Trp
B
Org
Piu mosso
70
Meno mosso
gau- di- um
Piu mosso
Meno mosso
a tempo
75
mf p f mp mp mf p mf mp
pro- rum pat fi- de- li- um
cresc. . . . . . . . . . . . . .
(I) (arpeggio ned)
(sempre)
(I)
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


Trp
B
Org
130
Glo- ri- o- sus ho- di- e, glo- ri- o- sus ho- di- e Chris- ti mar - tyr glo - ri- ae
sub li ma tus so- li- o, so- li- o. Pro
(gliss)
135
cresc.
(I)
(arp. ned)
(sim)
NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected


♩ = 70
165
Trp
B
Org
mp
mf
Lux, Lux, Lux il- lux - it, Lux Lux, Lux il- lux - it
tr
170
poco a poco accelerando
175
Lux il- lux - it laet- ta bun- da
cresc. . . . . . .
This music is copyright protected


rubato
180
= 100
Trp
B
Lux il- lus- tris Lux il- lus- tris Lux il- lus - tris
(I) (II) (I) (II) (I) (II) (I) (II)
Org
185
Trp
B
lux io- cun - da, lux io- cun - da lux io - cun - da
Org
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected




NB noter
This music is copyright protected

*Sincera devotio!*
Sofiemyr, 1. juli 1989